



# Innst. 111 L

(2013–2014)

## Innstilling til Stortinget frå helse- og omsorgskomiteen

Prop. 177 L (2012–2013)

### **Innstilling frå helse- og omsorgskomiteen om endring i pasientskadelova (institusjon under den kommunale helse- og omsorgstenesta)**

Til Stortinget

#### **Samandrag**

Helse- og omsorgsdepartementet foreslår i proposisjonen ein heimel i pasientskadelova for at Kongen i forskrift kan bestemme kva som skal reknast som institusjon under den kommunale helse- og omsorgstenesta som skal vere omfatta av pasientskadelova.

Pasientskadelova gjeld i dag skade påført i institusjon under kommunehelsetenesta, det vil seie sjukeheimar og døgnplassar for akutt hjelp. Lova omfattar i dag ikkje institusjonar som tidlegare var omfatta av sosialtenestelova, det vil seie barnebustader, rusinstitusjonar og aldersheimar.

Ny lov om kommunale helse- og omsorgstenester tok til å gjelde 1. januar 2012, og samstundes blei sosialtenestelova og kommunehelsetenestelova oppheva. I samband med den nye lova om kommunale helse- og omsorgstenester blei det vedteke ei endring av pasientskadelova § 1 første ledd bokstav a. Endringa innebar at omgrepet «kommunehelsetenesta» skulle erstattast av omgrepet «den kommunale helse- og omsorgstenesta», slik at lova skulle gjelde skade påført i institusjon under spesialisthelsetenesta og den kommunale helse- og omsorgstenesta. Etter ordlyden innebar endringa ei utviding av verkeområdet for pasientskadelova til også å omfatte institusjonar som tidlegare var regulerte i sosialtenestelova, det vil seie barnebustader, rusinstitusjonar og aldersheimar.

Forslaget må sjåast i samanheng med Helse- og omsorgsdepartementet sitt forslag til forskrift, der det

går fram at alle institusjonar etter helse- og omsorgstenestelova, også barnebustader, rusinstitusjonar og aldersheimar, skal reknast som institusjon etter pasientskadelova.

Forslag om ein heimel i pasientskadelova for at Kongen i forskrift kan bestemme kva som skal reknast som institusjon under den kommunale helse- og omsorgstenesta, vart sendt på høyring i desember 2012 med høyringsfrist i februar 2013. 27 høyringsinstansar har kome med realitetsmerknader.

Forslaget vil i seg sjølv ikkje ha økonomiske eller administrative konsekvensar. Departementet finn grunn til å tru at ei utviding av pasientskadelova til å omfatte barnebustader, aldersheimar og rusinstitusjonar vil få svært avgrensa økonomiske konsekvensar. Eventuelle erstatningsutbetalingar knytte til institusjonane som no blir føreslått omfatta av pasientskadeordninga, vil bli dekte gjennom innbetalingar frå kommunane tilsvarande andre erstatningsutbetalingar knytte til kommunale institusjonar.

#### **Merknader frå komiteen**

Komiteen, medlemmene fra Arbeiderpartiet, Ruth Mari Grung, Tove Karoline Knutsen, Torgeir Micaelsen, Freddy de Ruiter og Karianne O. Tung, fra Høyre, Elisabeth Røbekk Nørve, Sveinung Stensland, Tone Wilhelmsen Trøen og Christopher Wand, fra Fremskrittspartiet, lederen Kari Kjønaas Kjos, Harald T. Nesvik og Morten Wold, fra Kristelig Folkeparti, Olaug V. Bollestad, fra Senterpartiet, Kjersti Toppe, fra Venstre, Ketil Kjenseth, og fra Sosialistisk Venstreparti, Gina Knutson Barstad, viser til Prop. 177 L (2012–

2013) Endring i pasientskadelova. Pasientskadelova gjelder i dag skade påført i institusjon under kommunehelsetjenesten, det vil si sjukehjem og døgnplasser for akutt hjelp. Komiteen viser til at Helse- og omsorgsdepartementet foreslår en hjemmel i pasientskadeloven for at Kongen i forskrift kan bestemme hvilke institusjoner under den kommunale helse- og omsorgstjenesten som skal være omfattet av pasientskadeloven. Komiteen er enig i at forslaget må sees i sammenheng med Helse- og omsorgsdepartementets forslag til forskrift, der det går fram at alle institusjoner etter helse- og omsorgstjenesteloven, også barneboliger, rusinstitusjoner og aldershjem, skal regnes som institusjon etter pasientskadeloven. Komiteen merker seg at forslaget til forskrift ble sendt på høring sammen med lovforslaget. Komiteen merker seg videre at Helse- og omsorgsdepartementet tar sikte på å fastsette forskrift slik at den kan tre i kraft samtidig med endringer i pasientskadeloven, gitt at Stortinget vedtar forskriftshjemmelen i pasientskadeloven.

Komiteen mener at også barneboliger, aldershjem og rusinstitusjoner bør omfattes av pasientskadeloven for å gi et sterkere vern ved pasientskade.

Komiteen har merket seg høringsinnspillet fra Norsk Forbund for Utviklingshemmede som viser til at hjelpebehovene på barne- og avlastningsboliger ofte er komplekse og krevende, slik at erstatningsreglene bør utformes uten hensyn til hvem som har gitt helsehjelpen. Komiteen mener at gjeldende regelverk om at pasientskadeloven omfatter skade utført av helsepersonell, eller andre som opptrer på vegne av helsepersonell, bør opprettholdes. Komiteen vil følge med på utviklingen og vurdere om det er behov for endringer. Komiteen ser at det kan

være utfordrende å skille mellom helsehjelp og annen hjelp i en institusjon.

Komiteen viser til høringsinnspill fra Norsk pasientskadeerstatning (NPE) som etterlyser regler for eldre skader. Komiteen mener at endringen skal gjelde for skader oppstått etter at forskriftene er trådt i kraft.

Komiteen mener det er en fordel for pasienter, andre brukere og pårørende at forskriftene presiserer hvilke typer institusjoner som omfattes av pasientskadeloven.

## Tilråding frå komiteen

Komiteen viser til proposisjonen og merknadene og rår Stortinget til å gjøre følgjande

### vedtak til lov

om endring i pasientskadeloven (institusjon under den kommunale helse- og omsorgstenesta):

#### I

I lov 15. juni 2001 nr. 53 om erstatning ved pasientskader mv. blir følgjande endring gjort:

§ 1 nytt tredje ledd skal lyde:

*Kongen kan i forskrift bestemme hva som skal regnes som institusjon under den kommunale helse- og omsorgstjenesten.*

#### II

Lova gjeld frå den tid Kongen fastset.

Oslo, i helse- og omsorgskomiteen, den 28. januar 2014

**Kari Kjønaas Kjos**

leiar

**Ruth Mari Grung**

ordførar